

Prostirådet i Nordfjord
ved prostiprest Asbjørn Gjengedal
Porsvegen 1, 6823 Sandane

del 9b
20060469 24/106
K:-501

Sandane, 7. november 2006

Til Det kongelige kultur- og kyrkjedepartement
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030
Dep. 0030 Oslo

HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ PROSTIRÅDET I NORDFJORD

Prostirådet i Nordfjord har sett mykje inn på å skape engasjement og å formidle kunnskap om Stat-kyrkje-saka. Som det går fram av følgjande utskrift av møteboka til prostirådet, blei det skipa til ein konferanse om saka i samarbeid med Nordfjordrederet, som er eit samarbeidsorgan mellom kommunane i Nordfjord.

Etter denne vellukka tilskipinga på Nordfjord Folkehøgskule fann prostirådet det naturleg å drøfta saka i eige møte og sende inn ei høyringsfråsegn, jamvel om prostirådet ikkje er mellom dei oppnemnde høyringsinstansane. Vi bed såleis om at vedlagde høyringsskjema med avstemmingsresultat vert teken med i vurderinga.

Sak 28/06

Staten og Den norske kyrkja

a) Evaluering av kyrkjedagen/Nordfjordkonferansen på Nordfjord Folkehøgskule.

Kort referat: Møtet på Vereide 21. oktober samla om lag 170 menneske. Fylkesmann Kåre Gjønnnes gav ei omfattande utgreiing om arbeidet i utvalet på 20 medlemmer som med han som leiar har utreidd spørsmålet for Stortinget (NOU 2006:2) Stortingsrepresentantane Inger Enger (Sp) og Rolf Reikvam (SV), som representerte ulike syn på framtidig kyrkjeordning hadde egne innlegg.

Eit panel på 13 med stortingsrepresentantar, andre politikarar og representantar for kyrkje og misjon gav eit variert bilete av meningar og spørsmål i denne viktige saka. Møterom var Ljosborgstova på Nordfjord Folkehøgskule og skulen sytte for god servering og hjelpte til med program for borna. Kyrkjedagen blei avslutta med song-gudsteneste der Austrheim Mannskor, Vereide kyrkjekor og ei blåsegruppe tok del saman med kantor Anders Rinde og organist Raph Cupper.

Økonomi: Deltakaravgift går direkte til Nordfjord Folkehøgskulen. Nordfjordrederet betaler for annonse i lokalavisene. Prostirådet sine kostnader: Betaling for borna, musikarar, brosjyrer.

Frå samtalen i prostirådet: Svært godt fram møte. Gjønnnes gav ei grundig og god framstilling av saka. Bra at folk fekk høve til å seie si meining. Kyrkja må greie å styre seg sjølv. Litt for mange i panelet. Silden var flink ordstyrar. Bra at Rolf Reikvam og Inger Enger fekk litt meir tid enn tilmålt. Folk fekk vite meir om spørsmåla og dermed betre i stand til å ta stilling.

Folkehøgskulen hadde eigna lokale og greitt opplegg med servering.

Godt opplegg for borna.

Formannskapa hadde fleire med enn sokneråda. Det er viktig å få fram. Fint at vi fekk politikarane med på dette møte.

Gjønnnes som har vore på over tjue slike samlingar, sa at dette var det beste arrangementet, fordi det var godt opplegg, kristeleg organisasjonar kom til orde, og det var fin avslutning i kyrkja.

Det gjekk i samsvar med forventningane. Politikarar gav uttrykk for at dei var godt nøgde med møtet. Lokalpressa gav fyldige referat frå møtet. Særleg takk til Anders Rinde for arbeidet med den fine song-gudstenesta!

Det skal sendast brev til Nordfjordrederet og takke for godt samarbeid om kyrkjedagen. Vi innbyr gjerne til vidare samarbeid!

b) Høyringsfråsegn frå Nordfjord prostiråd

Prostirådet er ikkje høyringsinstans, men det har likevel høve til å sende inn uttale om ein ønskjer det.

I tilknytning til pkt.1 på spørjeskjemaet drøfta prostirådet prinsipielle spørsmål om kyrkja si ordning:

Livssynspluralismen tilseier skilje. Fridom til å styre eigne saker. Ikkje innblanding frå staten. Trus- og livssynspolitikken viktig for staten. Støtte ulike religions- og livssynssamfunn likt. Viktig å ta vare på det kristne menneskesynet. Viktig å lytte til folk, jamvel om mange ikkje er særleg aktive i kyrkja. Vi må ikkje ha B-medlemmer i kyrkja. Dei som lar barna sine bli døypte, gjer det reflektert. Presset frå andre trusretningar gjer at mange ser kor verdfull kristendomen er for folket vårt. Hugs kor viktig kyrkja blei under krigen. Kyrkja gjev mange høve til å forkynne evangeliet. Statskyrkja forpliktar også politikarane til å behandle livssynsspørsmål. Røynslene frå våre granneland som har fått skilje mellom stat og kyrkje, viser at kyrkjene ikkje har fått noko stor avskalling som følge av endringa. Det vil ikkje bli store endringar å merke for folk flest. Kyrkja bør få høve til å velje biskopar.

Dei 9 medlemmene i prostirådet som var til stades fylte ut kvar sitt spørjeskjema anonymt. Oppteljinga viste at 3 gjekk inn for fortsatt statskyrkje, 4 for avvikling, 2 ønskte ikkje å svare. Resultatet av avstemminga med følgeskriv om handsaminga i prostirådet vert sendt til Kyrkjedepartementet.

Referent:
Asbjørn Gjengedal

Vedlegg: Høyringsfråsegn frå prostirådet i Nordfjord

Staten og Den norske kirke - Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *Prostirådet i Nasdfjord, Bjergvin bisped.*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd/*prostiråd*
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette **3**
- Bør avvikles **4**
- Vet ikke / ønsker ikke å svare **2**

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven **4**
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget **3**
- Lov om trossamfunn **1**
- Vet ikke / ønsker ikke å svare **1**

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift **2**
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift **6**
- Vet ikke / ønsker ikke å svare **1**

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag 6
 Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttede organer 1
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 2

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
 De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene 1
 Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget 7
 Det humanistiske verdigrunnlaget
 At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke 4
 Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellelsråd) 6
 Kommunen 2
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 1

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret I 1
 Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret 4
 Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret II 2
 Vet ikke / ønsker ikke å svare 2